



VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

Melding om vedtak

Telemark Turistforening
Nedre Hjellegate 2

3724 Skien

Delegert sak nr. 16/83

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
KJELLNE	2016/886	8454/2016	165/3	12.04.2016

165/3 - Eitt-trinns søknad - tilbygg Mogen Turisthytte Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 20-4.

TILTAK: Terrasse
TILTAKETS ADRESSE: Mogen 9, 3864 Rauland
EIGEDOM: Gnr bnr i Vinje
MELDER: Telemark Turistforening
TILTAKSHAVAR: Telemark Turistforening, Nedre Hjellegate 2, 3724 Skien
BRA (NS 3940):
BYA (NS 3940): 33 m²

VEDTAK

Søknaden vert godkjent.

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

SAKSUTGREIING

Referanse:

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident kommuneplanens arealdel. Tidligere byggesak, saksmappenr. (jnr.) 1986/100.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-4 registrert 06.04.2016. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 20.03.2016, jf. saksmappenr. (jnr.) 2016/886-1 med vedlegg.

Naboar er varsla 17.03.2016.

Det har ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgjeve nabomerknadar frå tiltakshavar.

Tiltak:

Tiltaket gjeld terrasse. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg. Særskilt fylgjeskriv datert 20.03.2016, vedlegg nr. 5.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.

Ansvar i samband med tiltaket:

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Vilkår:

Før tiltaket vert teke i bruk må ein søke om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i PBL og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10).

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 10 i kapittel 9 og i Avfallsforskrifta.

Handsamingsgebyr:

Løyve til tiltak – BYA mindre enn 80 m² 4.800,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 0 m²/ 33 m²

*Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2015) for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato.
Krav om handsamingsgebyr på kr 4.800,- blir ettersendt.*

Konklusjon:

Vilkåra etter PBL § 20-4 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i Plan- og bygningslova. Klaga skal ein sende til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.
--

Med helsing

Kjell Negarden
Byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.